

STATUSRAPPORT



15.05.2015

NRK Nynorsk mediesenter

110 nynorskpraktikantar har vi rekruttert og lært opp. 62 % av dei arbeider i media. 52 % er framleis i NRK.

Trass i tronge tider i media har det vore stor auke i søkjartalet siste året. 58 søkjrarar til fem plassar no i april. Vi tilsette tre austlendingar og to vestlendingar til kull 23.

NRK Nynorsk mediesenter er eit strategisk rekrutteringstiltak, for å få fleire nynorskbrukarar i NRK og andre media. Dei som kjem inn her skal ha tre års prioritet til stillingar i NRK, som dei er fullt ut kvalifiserte for.

Nitten dagar i fengsel i Jemen

Palmelaurdag, om kvelden 28. mars vart frilansjournalist Raymond Lidal (28) arrestert i heimen sin i Sanaa, i Jemen. Han arbeidde som journalist på studentvisum, og her heime trudde mange at det var grunnen til at han vart teken. Det aviser Raymond Lidal. Han trur styresmaktene mistenkte han for å vere spion, fordi han ikkje reiste frå landet då det vart krig. [Etter nitten vanskelege dagar i fengsel vart han sett fri 18. april og evakuert ut av Jemen.](#)



Då hadde han budd meir eller mindre fast i Jemen sidan 2011. Han kom dit for å studere arabisk. I 2012 var han heime for å lære seg journalistikk i NRK Nynorsk mediesenter, og arbeidde ut året i utanriksredaksjonen i NRK. Men han ville attende til Jemen for å lære meir arabisk og rapportere heim om røyndommen i landet. [Sjå reportasje i NRK Urix.](#)

- Det er svært vanleg å arbeide som journalist med studentvisum i Jemen. Styresmaktene brukar ikkje å bry seg om det. Når eg sat nitten dagar i fengsel utan å vite kvifor er det bevis godt nok for at det ikkje hadde med manglande journalistvisum å gjere. Då dei slepte meg fri fekk eg beskjed om at etterforskinga syntte at eg ikkje var spion, "berre" journalist, seier Lidal.

Av omsyn til vener og kjende i Jemen ynskjer han ikkje å seie så mykje om korleis han vart behandla i dei nær tre vekene han sat i fengsel. Han vil fortelje meir når hendinga har kome litt meir på avstand, og han held fram med å skrive på boka om Jemen. I januar fekk han eit stipend på 100.000 kroner frå Fritt Ord til det føremålet.

Det var ei skremmande oppleving. Særleg på grunn av bombeangrepa, som var svært nær fengselet eg sat i. Men også uvissa om min eigen situasjon. Eg visste ingenting om kor lenge eg kom til å bli sittande, om det vart veker, månader eller år. Ja, eg var redd, og eg er glad for at vi var fire på cella, så eg slapp å vere åleine, seier Raymond Lidal.

Kull 23 - tre austlendingar og to vestlendingar

Det kom inn 58 søknader til kull 23 med nynorskpraktikantar. Det er nesten rekord, berre til kull 3 i 2005 har det vore fleire søkerar. Då var det 60.

– Det var i den tid "alle" ville bli journalistar. No er stoda nedbemanning og uvisse i media, men likevel auka søkermengda vår i fjor. Vi veit ikkje kvifor, men trur kanskje det kjem seg av at vi når betre ut med tilbodet, at dei vi har sendt frå oss gjev godt omdøme og at vi er det einaste tilbodet som tilbyr kombinasjonen nynorsk og journalistikk, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Med kull 23 er ho ekstra nøgd med at det er fleirtal av austlendingar på kullet. Det er fyrste gongen på dei elleve åra Nynorsk mediesenter har vore i drift. – Nynorsken er på vikande front både i Telemark, Hallingdal og Gudbrandsdalen, ja, i Rogaland og Hordaland også, for den del. Difor er heile dette kullet frå område som treng å sjå at det er lurt å halde på dialekta si og nynorsken. Ja, det er avgjerande for å ha noko her å gjere, seier Magni Øvrebotten.



Kull 23 frå venstre: Kjersti Anderdal Bakken, Thomas Brakstad, Elise Sundfør Erdal, Even Lusæter og Line Omland Eilevstjønn (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Kjersti Anderdal Bakken (1990), kjem frå Gol i Hallingdal. Ho er snart ferdig med ein Master i musikkvitenskap ved NTNU i Trondheim, med andrefordjuping i mediefag. Masteroppgåva hennar handlar om musikkstrategien i NRK radio.

Kjersti Anderdal Bakken har vore sommarvikar og frilansar for lokalavisa Hallingdølen, og arbeidd i Studentmediene i Trondheim. Der har ho vore knytt til musikkredaksjonen i Radio Revolt, både som musikkredaktør, sendeteknikar, og skrivande- og radiojournalist.

Thomas Brakstad (1989), frå Frekhaug, Meland kommune i Hordaland. Har Bachelor i journalistikk frå Queensland University of Technology, Brisbane, Australia.

Heilt sidan han var 12 år har Thomas visst at det var journalist han ville bli. Han fekk arbeidsveke i lokalavisa Strilen i tiande klasse, og heldt fram som frilansar i seks år. Har også vore frilansar for sportsredaksjonane i Bergensavisen, Bergens Tidende og VG.

Elise Sundfør Erdal (1986), frå Tysvær i Rogaland. Snart ferdig med eit årsstudium i praktisk pedagogikk ved Universitetet i Oslo. Ho har Mastergrad i nordiske studium. Masteroppgåva hadde tittelen "Med språket som verktøy – eit kvalitativt sosiolinguistisk studium av språket bruk i dramatikk

Sundfør Erdal har også studert historie, spansk språk og latinamerikansk kultur, og har eit årsstudium i tverrkulturell kommunikasjon og internasjonalt arbeid. I arbeidslivet har ho mellom anna vore lektor ved fleire vidaregåande skular i Oslo, og undervist i norsk, samfunnsfag og spansk.

Even Lusæter (1979), frå Heidal, i Sel kommune, Oppland. Busett i Vågå og lektor i norsk og historie ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule. Der har han arbeidd i tre år etter at han tok hovudfag i norsk og historie ved Universitetet i Oslo.

Før studiane var han gravemaskinkøyrar i sju år etter vidaregåande skule. Han er folkemusikar og i tillegg til å spele fele likar han å formidle litteratur, lyrikk og lokal kultur, som programleiar.

Line Omland Eilevstjønn (1993), frå Vinje i Telemark. Nett ferdig med åtte månader med journalistikk og featureskriving ved Southampton Solent University, London. Det er ei forlenging av den toårige journalistutdanninga ved Norges Kreative Høyskole i Oslo.

I studietida har ho vore sommarvikar i lokalavisa Vest-Telemark Blad og i Kvinner og Klær. I KK har ho også hatt praksis og vore frilansar.

Ute av skjorereiret i Førde



Kull 22 frå v.: Steinar Daltveit, Signe Fuglesteg Luksengard, Olav Åsen Haugsgjerd, Gunnhild Årdal og Bård Holmen Solvik (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Etter fire månader forlet kull 22 Førde 30. april, klar for ekstern praksis i Kristiansand og på Marienlyst. – No forlet vi det trygge skjorereiret i Førde, sa Bård Holmen Solvik i takketalen sin (sjå under).

Kull 22 byrja på opplæringa 5. januar i år og er ferdige som nynorskpraktikantar til 1. juli. Steinar Daltveit har praksis i NRK P3, Gunnhild Årdal i NRK Utanriks, Bård Holmen

Solvik i NRK Innanriks, Signe Fuglesteg Luksengard i NRK Supernytt og Olav Åsen Haugsgjerd i NRK Sørlandet. Slik oppsummerer dei tida som nynorskpraktikantar:

Olav Åsen Haugsgjerd (1988): - Ei veke i ekstern praksis er unnagjort, og eg er framleis ikkje i tvil. NRK er staden eg vil arbeide. Tida på Nynorsk mediesenter ser eg attende på med glede. Der fekk eg nevenyttig kunnskap kvar dag, som eg fekk bruk for med ein gong. Sjølv om det gjekk unna på kort tid, var det mengdetreninga som gjorde at handverket sat i fingrane til slutt.

Dette grunnlaget gjorde at eg etter fire månadar i Førde kjende meg budd på arbeidslivet rundt om i redaksjonane, og NRK Sørlandet har teke i mot meg på ein framifrå måte. No gler eg meg til resten av praksisen og ikkje minst til sommarjobb.

Signe Fuglesteg Luksengard (1990): Det har vore spennande og lærerike månader som nynorskpraktikant i NRK. Eg har lært digitale verktøy som APUS, Degas, ENPS, men eg har også lært om språket mitt, og kor viktig det er i identiteten min. Eg har møtt menneske politikken rammar og eg har lært korleis eg skal finne saka.

Heile tida har eg hatt dyktige lærarar som heile tida har støtta meg og pusha meg. Det å produsere stoff for ein så levande og bra redaksjon som NRK Sogn og Fjordane har vore motiverande. Å sjå sakene sine på Dagsrevyen eller høyre dei på radioen har vore inspirerande. Frå fyrste dag vart me tatt imot med opne armar. Redaksjonen i Sogn og Fjordane er dyktige, folka er nydelege og inspirerande. Dei er ikkje redd for å gå nye vegar, er opne for nye impulsar og dei tek nynorskpraktikantane på alvor.

Etter fire månader i Førde hadde eg nok kunnskap til å skli rett inn i Supernytt på Marienlyst. Eg er glad for å ha vore ein nynorskpraktikant. Med kunnskap og mogelegheiter eg aldri ville fått andre stader.

Steinar Daltveit (1989): - Det eg likte best med tida i Førde, var at eg stadig vart kasta ut av komfortsona mi. Både det å laga TV-reportasje og å vera direkte på radio var nytt for meg. Praksistida i P3 er glimrande. Det er gøy at dei oppfordrar oss til kreativitet. Og det er ikkje berre det at dei kallar seg kreative. Dei gjer ord til handling ved å vera opna for å faktisk ta i bruk idear som folk kjem med. I løpet av dei første to vekene har fleire av ideane mine blitt brukt i P3morgen og hørt av ein kvart million lyttarar.

Gunnhild Årdal (1987): - Litt av ein overgang frå DK til Marienlyst. Her er det mange sendingar og kollegaer å forhalde seg til! Heldigvis er alle hyggelege og hjelpsame, og eg har allereie fått ut nokre saker. På TV-desken no, etter Quantel-kurs, så eg får mengdetrening – det er kjekt! Frå store Marienlyst ser eg det endå betre; skalaen på kontoret i Førde gjer at ein raskt får ansvar og tillit. I tillegg får ein jobbe med alle slags saker, og reise fylket på kryss og tvers. Eg anbefaler neste kull praktikantar til å utnytte tida godt; spesielt når det kjem til det tekniske! Det er gull verdt å kunne slikt når ein kjem ut i eksternpraksis.

Bård Holmen Solvik (1985) – takketalen han heldt 30. april:



Frå venstre: Steinar Daltveit, Bård Holmen Solvik, Gunnhild Årdal, Signe Fuglesteg Luksengard og Olav Åsen Haugsgjerd (Foto: Randi Indrebø/NRK)

- Eg har i det siste tenkt på korleis eg kan få summert opp og takka for tida her på NRK Nynorsk mediesenter. I dag er min siste dag i Førde og eg vart til overmål vekt av eit forrykande rabalder i halv seks om morgonen. Då eg såg ut vindauget og fant eg fort ut kva alt rabalderet var for noko. To skjorer arbeidde iherdig for å bygge eit reir for sine små håpefulle. Nett slik er folka på NRK Nynorsk mediesenter og i redaksjonen.

Magni, Randi og Terje hadde, slik som skjorene, bygd eit stort og komfortabelt reir som vi plumpa ned i ein kald januardag. På “loftet” som det blir kalla her på huset ruga dei ut uklekte journalistspirer og lærte oss grepa som må til for å klare oss i den store journalistjungelen. Det verka kanskje ikkje slik då, men oppe på loftet var det trygt og godt. Ein isolert tilstand med den faretrugande røynda trygt på avstand langt der nede.

Men, dette skulle ikkje vare. I det vi følte at vi so vidt hadde hakka oss ut av egget vart vi presentert for litt større og skumlare skjorer nede på “desken”. Her vart vi, som seg høyr og bør, fort jekka ned og på plass. Men sjølv om skjorene her nede bråkar meir enn dei oppe på loftet, meiner dei alltid vel. Har det gått oss ille og vi har vore uvorden med teknikken eller fullstendig mista “fokus” på saka, breier dei vengene sine om oss og syner oss korleis vi kan redde oss inn att. Før kaklinga held fram sjølv sagt. Det er jo skjorer vi snakkar om.

Og no er det ingen bøn lenger. Frå og med mandag blir vi kasta ut av reiret. Det er jo ikkje til å stikke under ein stol av vi er nervøse. Sjansane for å klare seg er kanskje dårlegare enn det var for nokre år sidan – reiret henger ikkje so høgt som det ein gong gjorde. Nokon vil kanskje ikkje klare det og deise i bakken, men alle her i Førde har gjort sitt yttarste for at vi skal kunne klare å spreie vengene og flyge på eiga hand.

For det er eg evig takksam!

Bård Holmen Solvik

Nye faste jobbar

I den førre statusrapporten skrev vi at den profilerte programleiaren for [Kveldsåpent](#) i NRK P1, Hilde Zahl, var mellom dei som truleg måtte slutte då Mediehuset Trøndelag nedbemanna. Kutta såg då ut til å råke to tidlegare nynorskpraktikantar, som begge har arbeidd på Tyholt i meir enn fire år. Men no er gleda stor etter at begge to har fått fast jobb.

Hilde Zahl var nynorskpraktikant i 2010/11, og har arbeidd på Tyholt sidan ho hadde praksis i P3 i januar/februar 2011. Ho vart fyrst reporter i Kveldsåpent, og hadde si første sending som programleiar i juni 2011. Hilde Zahl har fått jærmålet til riksnettet.

- *Det er veldig kjekt å endeleg få nokre faste rammer. Fire år er lang tid å føla at ein går på nåde. Ærleg tala følest det ikkje verkeleg enda. Kan hende det blir det når eg får skrive under på kontrakten.*

Det viktigaste for meg, er at kjærleikssorga over å gå frå lyttarane mine har gått over. Me skal ikkje skiljast, verken eg og lyttarane eller eg og den fantastisk fine redaksjonen min.

No førebur eg meg på ein kjempeskjekk sommar i radioen, og gler meg til å ta fatt på framtida, seier Hilde Zahl.



Mari Langva (1986) fekk i april fast jobb i NRK på Tyholt. Ho er producer i Newton. Ho har arbeidd i ulike avdelingar på Tyholt etter at ho var der i praksis frå NRK Nynorsk mediesenter våren 2010 (kull 12).

Mari har røynsle frå både nett, radio og tv i NRK Trøndelag, frå P3nyhenda, Her og nå og som producer i Schrödingers katt. Ho er elles ei av tre språkkontaktar på Tyholt.



- *Utan Nynorsk mediesenter hadde eg neppe enda opp som journalist i NRK. Det eg lærte på praktikantkurset har eg framleis med meg, og eg er alltid stolt over å kunne fortelje folk at eg er tidlegare nynorskpraktikant. Det betyr mykje å endeleg vere fast tilsett etter mange år som vikar, seier Mari Langva.*

Hans Henrik Løken (1988) har endeleg 100 % fast jobb i NRK Sporten. Han har arbeidd der sidan han hadde praksis i den redaksjonen våren 2011 (kull 13). Fekk nokså raskt 50 % fast jobb og deretter 80 % i fjor haust.

Løken er fleirmedial og arbeider med sport både i fjernsyn, radio og på nett. Han nyt stor tillit i redaksjonen og vert send på store meisterskap og dekkjer sport i full breidde.



Byråkrat og podkastar



Saknet etter journalistikken vart stort då Jonas Sætre flytta heim og byrja å jobbe som møtesekretær i Stord kommune. Difor valde han å kombinere byråkratlivet med å produsere sin eigen podcast [«Uten filter»](#).

– Ønsket mitt er å dra lyttarane ut av komfortsonen deira. Norske politiske debattar er ofte prega av kommunikasjonsrådgjevarar og tom retorikk. Eg trur folk er lei av dette, [seier Sætre til avis Sunnhordland](#).

Jonas Sætre var nynorskpraktikant våren 2011. Han hadde praksis i NRK.no, og arbeidde der i 2,5 år etterpå. Sidan har han vore journalist i Dagbladet, Aftenposten og Bergens Tidende. No driv han altså sin eigen podcast «Uten filter».

3 års prioritet til stillingar i NRK

<http://torget/personalhandbok/Sider/default.aspx>

Sjølv om reglane om prioritet til stillingar for nynorskpraktikantar og FleRe no endeleg er å finne i personalhandboka, tek vi dei likevel med i kvar statusrapport. Vi skal slutte med det den dagen ingen lenger seier at dei ikkje kjenner til reglane, og den dagen dei vert jamnare praktisert.

NRK har hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe, sidan 2008. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trangen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidrarar. Etter avslutta opplæring har dei tre års prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for. Dei skal reknast som interne søkjavarar, og kan også søkje og få faste stillingar.

Gjeldande formulering vart vedteken 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Slik lyder grunnregelen m/kommentarar og utdjupingar:

NRKs rekrutteringsprogram

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritert til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorsk-brukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelses i faste stillinger må godkjennes i direktørsmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.
- Kvalifiserte flerkulturelle søker (og alle kvalifiserte søker for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 12. 05. 2015 har vi sendt frå oss 110 nynorskpraktikantar (medrekna kull 22 i praksis) og 62 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. 57 av dei 110 arbeider i NRK, det vil seie 52 %.

Totalt har 39 fast arbeid i media, 33 av dei er i NRK. Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, Kulturnytt, Ekko, NRK.no, NRK P3 og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Sørlandet.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, i Telemarksavisa, Drammens Tidende, Møre-Nytt, på nettet i Dagens Næringsliv og i produksjonsselskapet Monster.

11 arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Forbrukarombodet, Norges Bondelag, Barne- og likestillingsdepartementet, Skatt Vest, Røde Kors, Redd Barna, Norske Kunstforeninger, Changemaker, Bisqit Norge og Senterpartiet.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias Engevik (1995) er i det militære. **Tor-Erik Humlen** (1988) er vikar i P3Morgen.

Ine Eftestøl (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, **Hibba Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar/sommarvikar i NRK Dagsnytt og **Sigrid Agnethe Hansen** (1989) er vikar i NRK Troms. Ho skal vere morgonvert på radio i sommar.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) er kokk. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er vikar på nettsida til NTNU. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. Ho har også fått seg sommarjobb der. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er tilkallingsvikar i NRK Sogn og Fjordane. Han har fått sommarjobb ved distriktskontoret.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985), er vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985), vikar i NRK Hordaland, **Idun Fivelstad** (1987), har foreldrepermisjon, **Tale Hauso** (1991), er vikar i NRK Hordaland og **Lars Ivar Nordal** (1986), er vikar i Kulturnytt i NRK P2.

Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks, **Adalheidur Oldeide** (1988) er tilkallingsvikar i Bergens Tidende. **Inger Johanne Ruset** (1985), er dagleg leiari for kino- og kulturhuset i Brattvåg på Sunnmøre. **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar på Tyholt og **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved Universitetet i Bergen.

Kull 17: 20. august 2012 til 28. februar 2013



Kjersti Hetland (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) studerer juss i Bergen, **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland og **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kjempa seg hausten 2014 inn på statsbudsjettet med ei løyving på 2,2 mill. kroner. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 600.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.